

Til aksjonærane i selskapet

Vår dato: 12.05.2015

Vår ref.:

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Innkalling til generalforsamling 2015

Etter vedtak i styret blir det kalla inn til generalforsamling i selskapet:

Dato: 15. juni 2015

Kl.slett: 11.00-14.00 (Matpause innlagt)

Stad: Vinje kro (Heimat), Åmot (Vinje kommune)

Sakliste

1. Godkjenning av fullmakter og innkalling
2. Val av møteleiar
3. Val av 2 aksjonærer til å underteikne møteprotokollen
4. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap
5. Val av revisor og godkjenning av godtgjering
6. Godtgjering til styret
7. Kostnadsdeling for 2016
8. Styrefullmakt til utviding av aksjekapitalen
9. Val

Etter den formelle delen er det lagt opp til ein fagleg del. Det er pr. i dag ikkje avklart kven dette blir.

Vel møtt!

Med vennleg helsing
E134 Haukelivegen AS
for Petter Steen, styreleiar

Børge Skårdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Saksdokument til sakene 4-8
Årsmelding og rekneskap
Gjeldande vedtekter
Ethiske retningslinjer

Kopi av sendinga til styremedlemer, varamedlemer, valkomité og revisor

Postadresse:

Postboks 134
3890 VINJE

 www.134.no

Telefon/fax:

Direkte: 97037989

Bank: DnB

Konto: 1604.01.05178

Føretaksnummer:

982 420 857

Generalforsamlinga i E134 Haukelivegen AS 15. 06.2015

Til sak 4. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap

Årsmelding og rekneskap er lagt ved saksdokumenta slik dei blei vedtatt av styret i møte 23. januar 2015.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga 2015 godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2014, under dette disponering av overskot.

Til sak 5. Val av revisor og godkjenning av godtgjering.

Styret innstiller på attval av revisor og godkjenning av godtgjering i 2014.

Framlegg til vedtak:

- a) Generalforsamlinga vél Odda Revisjon AS v/ Eirik Lothe som selskapet sin revisor.
- b) Generalforsamlinga godkjenner honoraret til revisor for 2014 med kr. 12.562.

Til sak 6. Godtgjering til styret.

Nåverande satsar for styregodtgjering blei seinast vedtatt på generalforsamlinga i 2014.

Dei er slik:

Styreleiar pr. år: 15.000 kr

Styremedlem pr. år: 6.250 kr

Varamedlem pr møte: 1.000 kr

Tapt arb.forteneste: Inntil 250 kr/t og inntil 6 timar (maks. godtgjering 1.500 kr/dag).

Reiseutgifter: Statens satsar (når ikkje abeidsgeivar/oppdragsgjevar betalar).

Valkomitéen vil på generalforsamlinga legge fram si innstilling til satsar som skal gjerast gjeldande for 2015.

Postadresse:

Postboks 134

3890 VINJE



www.134.no

Telefon/fax:

Direkte: 97037989

Bank: DnB

Konto: 1604.01.05178

Føretaksnummer:

982 420 857

Til sak 7. Kostnadsdeling for 2016.

Styret innstiller på satsar for 2016 som er lik med satsane for 2015. Forslaget for 2016 blir då slik:

Aksjonær	Sats 2016
Rogaland Fylkeskommune	65 000
Hordaland fylkeskommune	65 000
Telemark Fylkeskommune	65 000
Buskerud Fylkeskommune	65 000
Haugesund kommune	35 000
Sauda kommune	20 000
Karmøy kommune	35 000
Tysvær kommune	25 000
Vindafjord kommune	23 000
Suldal kommune	19 000
Odda kommune	22 000
Stord kommune	30 000
Jondal kommune	17 000
Bømlo kommune	25 000
Etne kommune	20 000
Sveio kommune	21 000
Kvinnherad kommune	26 000
Ullensvang Herad	19 000
Fusa kommune	19 000
Vinje kommune	19 000
Tokke kommune	18 000
Seljord kommune	19 000
Hjartdal kommune	18 000
Bø kommune	21 000
Kviteseid kommune	18 000
Tinn kommune	21 000
Nome kommune	21 000
Kongsberg kommune	35 000
Notodden kommune	26 000
Drammen kommune	35 000
Lier kommune	35 000
Hurum kommune	23 000
Røyken kommune	32 000
Fyresdal kommune	17 000
Bamble kommune	27 000
Porsgrunn kommune	35 000
Skien kommune	35 000
Vest-Telemark Kraftlag	6 000
Tide ASA	6 000
Telemark Bilruiter AS	6 000
SD Cappelen ANS	6 000
Fatland Ølen AS	6 000
Notodden Utvikling AS	12 000
Vest-Telemark Næringsbygg	12 000
Midt-Telemark Næringsutvikling AS	12 000
SUM	1 137 000

Tilsvarende for nye aksjonærer avhengig av type aksjonær.

Postadresse:

Postboks 134
3890 VINJE

 www.134.no

Telefon/fax:

Direkte: 97037989

Bank: DnB

Konto: 1604.01.05178

Føretaksnummer:

982 420 857

Til sak 8. Styrefullmakt til utviding av aksjekapitalen.

Framlegg til vedtak:

Styret får fullmakt til, fram til 12. juni 2017, å auke aksjekapitalen frå 450.000 kr fordelt på 450 aksjar til 550.000 kr fordelt på 550 aksjar, gjennom nyteikning av aksjar til pålydande verdi mot oppgjer i kontantar.

Til sak 9. Val.

Valkomitéen innstiller og legg fram si innstilling på generalforsamlinga.

Valkomitéen er:

John Skogseth, leiar

john-g.skogseth@kvamnet.no

Tlf. privat: 41676675

Leif Malvin Knutsen

lmk@fatland.no

Tlf.arbeid: 53775513; 905 22 125

Turid Opedal,

opedalturid@online.no;

Tlf. privat: 93228440

Styresamansetjinga i selskapet er nå slik:

Fast medlem	Personleg vara	Vald		
Petter Steen	Aase Simonsen	2014	H/H	
Gry Anette Rekanes Amundsen	Arne Vinje	2014	FrP/SV	
Olav Kasland	Björg Tveito Lundefaret	2014	V/AP	
Ellen Solheim	Magne Audun Kloster	2014	KrF/KrF	
John Opdal	Synnøve Solbakken	2014	H/AP	
Atle Kvåle	Svein K. Halleraker	2014	AP/H)	
Laila Irene Johansen	Arvid Lyngås	2013	AP/H	På val
Terje Riis-Johansen	Lise Wiik	2013	SP/AP	På val
Arne Haldorsen	Inge Fatland	2013	Nær.l./Nær.l.	På val
Helene Justad	Tore Opdal Hansen	2013	H/H	På val

Som det framgår av dette oppsettet, er 4 av 10 styremedlemer med sine personlege varamedlemer på val.

Styret konstituerar seg sjølv med leiar og nestleiar.

Lowverket.

Frå årsskiftet 2010 blei det etablert eit nytt rammevilkår gjennom endring av kommunelova slik at for AS med 2/3 kommunalt/fylkeskommunalt eigarskap skal begge kjønn vere representert etter bestemte reglar regulert i aksjeloven - §20-6. I AS Haukelivegen er 37 av 45 aksjonærar i denne kategorien (82%). Lova får dermed verknad for selskapet.

Lov om aksjeselskaper (aksjeloven).

§ 20-6. Representasjon av begge kjønn i styret i statsaksjeselskaper

(1) I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:

1. Har styret to eller tre medlemmer, skal begge kjønn være representert.
2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.

Postadresse:

Postboks 134
3890 VINJE

 www.134.no

Telefon/fax:

Direkte: 97037989

Bank: DnB

Konto: 1604.01.05178

Føretaksnummer:

982 420 857

Årsmelding for 2014

Innleiing.

E134 Haukelivegen AS vart stifta 10. januar 2001 under namnet Haukelivegen AS og har vore i vanleg drift etterpå, dvs. i 14 år. Selskapet endra namn i 2013 til E134 Haukelivegen AS, samtidig som føremålet blei utvida til å omfatte RV23.

Føremålsparagrafen er etter siste endringar slik:

Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren.

Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap.

Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål.

Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

Overskot/underskot skal disponerast etter norske lover og vedtekter. Selskapet skal ikkje betale utbyte.

Arbeidet i 2014.

Det er halde 4 styremøte i E134 Haukelivegen AS i 2014, av desse er det 1 telefonmøte og 1 møte i samband med generalforsamlinga.

Det har vore stor aktivitet i 2014 både frå styret og frå dagleg leiar si side. Satsingsområde og strategiar ligg forholdsvis fast, mellom anna knytt opp til gjennomføring av inneverande Nasjonal Transportplan NTP 2014-2023.

Aust/vest-analysen.

Samferdselsministeren tok tidleg på året initiativ til ein strategisk gjennomgang og analyse av dei ulike høg fjellovergangane. Samferdselsministeren varsla i den samanhangen ei langt ein skarpere prioritering, der ein av overgangane skal få spesiell prioritet. Denne saka har i stor grad vore førande for arbeidet i 2014 og selskapet sitt arbeid har vore innretta mot å kome best mulig ut i denne saka. Potensielt kan resultatet bli førande for tildeling av investeringsmidlar mange år framover.

Selskapet tok i starten av året initiativ til å setje i gang planarbeid for raskare veg i retning Bergen – den såkalla Hordalandsdiagonalen. I svaret frå SD går det fram at saka vil bli sett i samanhang med aust/vest-analysen.

Haukelifjell.

Det viktigaste enkeltprosjektet som styre og administrasjon har arbeidd med i 2014 er ny E134 over Haukelifjell. Selskapet har for eiga rekning fått gjennomført ei samfunnsøkonomisk analyse av prosjektet med ny veg over Haukelifjell. Analysen gir eit svært positivt resultat for prosjektet sjølv med den avgrensa trafikken det er over fjellet.

Planlegging av ny fjellovergang har halde på mange år nå. Reguleringsarbeidet aleine i fire år. Vegvesenet si manglande framgang i planarbeidet er urovekkande og tidspunktet for levering av forslag til reguleringsplanar blir stadig skjøve på.

Samtidig held debatten fram om graden av vintersikkerhet for fjellovergangen. Frå tidlegare ligg det føre eit privat forslag om lang tunnel (24 km) på austsida. Vi har for vår del fått skissert ei anna løysing som kan gje full vintersikkerhet utan å utløyse krav om to løp. Begge desse private alternativa vil fjerne konflikten med fredningsvedtaket for nåverande fjellovergang.

Ambisjonsnivået for strekninga må etter styret sitt syn avklarast som del av aust/vest-utgreiinga og prioritering av dei ulike fjellovergangane. Med auka trafikk blir konsekvensar og kostnader med stenging endå større.

I mellomtida bør reguleringsplan for strekninga Seljestad-Røldal leggjast fram til realitetsbehandling.

Møter.

Selskapet eller delar av styret har i løpet av året mellom anna hatt møter og kontakt med:

- Politisk leiing i Samferdselsdepartementet
- Statens Vegvesen
- Parti, fylkesgrupper og enkeltrepresentantar på Stortinget
- Vestfold fylkeskommune
- Fylkeskommunane som er aksjonærar i selskapet

Selskapet har vore representert på ulike konferansar og møte, både som deltakar og med innleiingar.

Byggeaktivitet.

Omfanget av igangverande byggeprosjekt eller prosjekt med nær foreståande oppstart på E134 er nå betydeleg. På vestsida av fjellet blir det arbeidd med Stordalstunnelen og Skjoldavik-Solheim. På austsida har prosjektet i Grungedal kome langt. Århus-Gvammen er godt i gang, med planlagt opning i 2019. Det blir venta at prosjektet i Kongsberg er i full gang sommaren 2015 med ferdigstilling i 2019. Det same gjeld småprosjekta på strekninga Åmot-Seljord.

Planaktivitet.

I tillegg til planarbeidet for Haukelifjell blir det arbeidd med kommunedelplan for strekninga Bakka-Solheim i Etne og Vindafjord kommunar. Dette er eit prosjekt som er svært aktuelt å prioritere i komande rullering av NTP.

RV23.

For RV23 pågår fleire prosessar i ulike faser.

Strekninga Dagslett-Linnes har nå godkjende og stadfesta reguleringsplanar.

For strekninga Linnes-E18 pågår arbeid med reguleringsplan.

Reguleringsplan for nytt løp i Oslofjord-tunnelen nærmar seg ferdigstilling. Parallelt blir det sett på alternativ med bru i staden for nytt tunnel-løp. Vidare prosess for avklaring og konklusjon er ikkje kjend pr. i dag.

Anna.

Av formelle/praktiske saker styret og administrasjon har arbeidd med, er:

- Arbeidsplanar og budsjett
- Løpande økonomirapportering
- Avvikling av generalforsamling 24. april 2014
- Kapitalforvaltning og disponering av bankinnskot
- Kontakt med potensielt nye aksjonærar

Styre og administrasjon.

STYREMEDLEMER

Petter Steen, styreleiar

- Ordførar Haugesund

Laila Irene Johansen, nestleiar

- Kongsberg

Olav Kasland,

- Ordførar Bø

Terje Riis-Johansen

- Fylkesordførar Telemark

John Opdal

- Ordførar Odda

Ellen Solheim

- Rogaland fylkeskommune

Atle Kvåle

- Hordaland fylkeskommune

Arne Haldorsen

- Karmøy

Gry Anette Rekanes Amundsen

- Nome

Helene Justad

- Ordførar Lier

PERSONLEGE VARAMEDLEMER

Aase Simonsen

- Ordførar Karmøy

Arvid Lyngås,

- Varaordførar Kongsberg

Björg Tveito Lundefaret

- Ordførar Nome

Lise Wiik

- Fylkesvaraordførar Telemark

Synnøve Solbakken

- Ordførar Kvinnherad

Magne Audun Kloster

- Rogaland fylkeskommune

Svein K. Halleraker

- Hordaland fylkeskommune

Inge Fatland

- Vindafjord

Arne Vinje

- Ordførar Vinje

Tore Opdal Hansen

- Ordførar Drammen

Selskapet har ikkje tilsette i eigen regi, men kjøper administrative tenester. Det er derfor ikkje utbetalt løn til dagleg leiari. Styrehonorar er utbetalt i samsvar med generalforsamlingsvedtak.

Aksjonærforhold.

Selskapet har ved årsskiftet ein aksjekapital på kr. 450.000, fordelt på 45 aksjonærar. Aksjekapitalen er fullt innbetalt. Selskapet har i 2014 fått 4 ny aksjonærar. Dette er Fyresdal kommune, Bamble kommune, Porsgrunn kommune og Skien kommune.

Aksjonærane pr. 31.12.2014 er:

Aksjonærliste E134 Haukelivegen AS. Org.nr.982 420 857					
Navn	Posnr	Poststad	Antal	Pål.	Beløp
Rogaland Fylkeskommune	4001	Stavanger	10	1000	10000
Haugesund kommune	5504	Haugesund	10	1000	10000
Sauda kommune	4201	Sauda	10	1000	10000
Karmøy kommune	4250	Kopervik	10	1000	10000
Tysvær kommune	5570	Aksdal	10	1000	10000
Vindafjord kommune	5580	Ølen	10	1000	10000
Suldal kommune	4230	Sand	10	1000	10000
Hordaland fylkeskommune	5020	Bergen	10	1000	10000
Odda kommune	5750	Odda	10	1000	10000
Stord kommune	5400	Stord	10	1000	10000
Jondal kommune	5627	Jondal	10	1000	10000
Bømlo kommune	5430	Bremnes	10	1000	10000
Etne kommune	5591	Etne	10	1000	10000
Sveio kommune	5559	Sveio	10	1000	10000
Fusa kommune	5649	Eikelandsosen	10	1000	10000
Ullensvang Herad	5780	Kinsarvik	10	1000	10000
Kvinnherad kommune	5470	Rosendal	10	1000	10000
Telemark Fylkeskommune	3706	Skien	10	1000	10000
Vinje kommune	3890	Vinje	10	1000	10000
Tokke kommune	3880	Dalen	10	1000	10000
Seljord kommune	3840	Seljord	10	1000	10000
Hjartdal kommune	3692	Sauland	10	1000	10000
Bø kommune	3833	Bø	10	1000	10000
Kviteseid kommune	3850	Kviteseid	10	1000	10000
Notodden kommune	3672	Notodden	10	1000	10000
Nome kommune	3830	Ulefoss	10	1000	10000
Tinn kommune	3660	Rjukan	10	1000	10000
Buskerud fylkeskommune	3007	Drammen	10	1000	10000
Kongsberg kommune	3601	Kongsberg	10	1000	10000
Drammen kommune	3008	Drammen	10	1000	10000
Lier kommune	3401	Lier	10	1000	10000
Hurum kommune	3475	Sætre	10	1000	10000
Røyken kommune	3440	Røyken	10	1000	10000
Fyresdal kommune	3870	Fyresdal	10	1000	10000
Bamble kommune	3993	Langesund	10	1000	10000
Porsgrunn kommune	3700	Skien	10	1000	10000
Skien kommune	3900	Porsgrunn	10	1000	10000
Vest-Telemark Kraftlag AS	3889	Høydalsmo	10	1000	10000
Tide ASA	5893	Bergen	10	1000	10000
Notodden Utvikling AS	3674	Notodden	10	1000	10000
Telemark Bilruter AS	3840	Seljord	10	1000	10000
SD Cappelen ANS	3830	Ulefoss	10	1000	10000
Midt-Telemark Næringsutvikling AS	3880	Bø	10	1000	10000
Fatland Ølen AS	5588	Ølen	10	1000	10000
Vest-Telemark Næringsbygg AS	3850	Kviteseid	10	1000	10000
		Totalt	450	1000	450000

Andre forhold.


- Selskapet sitt årsresultat er eit overskot på kr. 22.990 som ein foreslår brukt til styrking av eigenkapitalen.
- Føresetnaden om fortsatt drift er til stades, og rekneskapan for 2013 er gjort opp under denne føresetnaden. E134 Haukelivegen AS er innvilga skattefritak.
- Midlar som selskapet ikkje treng til dagleg drift er plassert på kapitalkonti på best mulige vilkår. Det er for tida svært låge renter.
- Selskapet har ingen aktivitet som ureinar det ytre miljøet.
- I 2014 er det utgiftsført kr. 12.562 til revisor for revisjon. Selskapet sin revisor er Odda revisjon AS v/ Eirik Lothe, revisornummer 997 726 316.

Styret kjenner elles ikkje til forhold av betydning for vurderinga av selskapet si stilling og resultat, og som ikkje kjem fram av rekneskapan. Grunnlaget for framhald av drifta er etter styret sitt syn til stades. Det har etter utløpet av rekneskapsåret ikkje oppstade forhold som etter styret sitt syn har betydning for vurderinga av årsrekneskapan.

Vinje, 23. januar 2015,



Petter Steen jr, styreleiar



Laila Irene Johansen, nestleiar




Terje Riis-Johansen




Arne Haldorsen



Ellen Solheim




Hefene Justad




John Opdal



Olav Kasland



Gry Anette Rekanes Amundsen



Aste Kvåle



Børge Skårdal, dagleg leiar

Resultatregnskap 01.01.-31.12.2014

E134 Haukelivegen AS

	Note	2014	2013
Salgsinntekter	1	1.035.000	1.018.000
Tilskudd	4	785.331	653.472
Sum driftsinntekter		1.820.331	1.671.472
Lønnskostnad	3	81.020	78.526
Annen driftskostnad	3	1.843.862	1.706.324
Sum driftskostnad		1.924.882	1.784.850
Driftsresultat		-104.551	-113.378
Annen renteinntekt		127.543	166.565
Sum finansinntekter		127.543	166.565
Annen rentekostnad		3	0
Sum finanskostnader		3	0
Sum netto finansposter		127.540	166.565
Ordinært resultat før skattekostnad		22.989	53.187
Ordinært resultat		22.989	53.187
Årsoverskudd		22.989	53.187
Overført annen egenkapital		22.990	53.187
Sum disponert		22.990	53.187

Balanse 31.12.

E134 Haukelivegen AS


	Note	2014	2013
Eiendeler			
Omløpsmidler			
Fordringer			
Andre fordringer		147.777	2.332
Sum fordringer		147.777	2.332
Investeringer			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		4.159.752	5.209.601
Sum omløpsmidler		4.307.529	5.211.933
Sum eiendeler		4.307.529	5.211.933

Balanse 31.12.


E134 Haukelivegen AS


	Note	2014	2013
Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	1	450.000	410.000
Sum innskutt egenkapital		450.000	410.000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		2.051.366	2.028.376
Sum opptjent egenkapital		2.051.366	2.028.376
Sum egenkapital		2.501.366	2.438.376
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		203	85.493
Skyldige offentlige avgifter		1	15.377
Annen kortsiktig gjeld	4	1.805.960	2.672.687
Sum kortsiktig gjeld		1.806.164	2.773.557
Sum gjeld		1.806.164	2.773.557
Sum egenkapital og gjeld		4.307.530	5.211.933

Vinje, 23.01.2015
I styret for E134 Haukelivegen AS


Petter Steen jr, styreleiar



Laila Irene Johansen, nestleiar


Terje Riis-Johansen



Arne Haldorsen



Ellen Solheim



Hefene Justad


John Opdal


Olav Kasland


Gry Anette Rekanes Amundsen


Atle Kvåle


Børge Skårdal, dagleg leiar

NOTER TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014.

Rekneskapsprinsipp og verknad av prinsippendingar

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak. Følgjande rekneskapsprinsipp er nytta:

Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsførast etter kvart som de blir levert.

Omløpsmidlar/Kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt poster som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, samt postar som knyter seg til varekretsløpet. Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av kostpris og pårekna verkeleg verdi.

Anleggsmidlar/Langsiktig gjeld

Anleggsmidlar omfattar eignelutar meint til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurdert til kostpris. Varige driftsmidlar balanseførast og avskrivast over den økonomiske levetida til driftsmiddelet. Varige driftsmidlar blir skriven ned til verkeleg verdi ved verdifall som vert pårekna ikkje å være forbigåande. Nedskrivinga reverserast når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stade.

Valuta

Pengepostar i valuta vurderast etter kursen ved slutten av rekneskapsåret.

Varer

Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og netto salsverdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetnad til pårekna tap. Avsetnad til tap blir gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei einskilde fordringane.

Skatt

Selskapet er ikkje skattepliktig for si verksemd då det ikkje har som føremål å drive med overskot. Selskapet er eigd med 78% av kommunar og fylkeskommunar og utfører oppgåver på vegne av kommunar og fylkeskommunar for å betre kommunikasjon og vegar knytt til E-134.

Obligatorisk tenestepensjonsforsikring.

Selskapet er ikkje underlagt lov om obligatorisk tenestepensjonsforsikring, og slik forsikring er ikkje teikna.

Endring av rekneskapsprinsipp

Det har ikkje vært noen endring i rekneskapsprinsipp.

NOTE 1: ANTAL AKSJER, AKSJEEIGARAR MV.

Aksjekapitalen i E134 Haukelivegen AS er samansett av 450 aksjar pålydande kvar kr 1.000, tilsaman kr 450.000. Selskapet har 45 aksjonær. Av desse er 37 eller 82,2% kommunar eller fylkeskommunar og 8 eller 17,8% private foretak.

Aksjekapitalen blei økt i 2014 ved ein retta emisjon overfor 4 nye aksjeigarar, Fyresdal kommune, Bamble kommune, Porsgrunn kommune og Skien kommune som teikna 10 nye aksjer kvar tilsaman kr 40.000.

Aksjonærane i Haukelivegen AS var pr 31.12.14:

Navn	Antal	Pålydande	Beløp	Inntekt fra i 2013	Inntekt fra i 2014
Rogaland Fylkeskommune	10	1.000	10.000	65.000	65.000
Haugesund kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Sauda kommune	10	1.000	10.000	20.000	20.000
Karmøy kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Tysvær kommune	10	1.000	10.000	24.000	24.000
Vindafjord kommune	10	1.000	10.000	23.000	23.000
Suldal kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Hordaland fylkeskommune	10	1.000	10.000	65.000	65.000
Odda kommune	10	1.000	10.000	22.000	22.000
Stord kommune	10	1.000	10.000	30.000	30.000
Jondal kommune	10	1.000	10.000	17.000	17.000
Bømlo kommune	10	1.000	10.000	25.000	25.000
Etne kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Sveio kommune	10	1.000	10.000	20.000	20.000
Kvinnherad kommune	10	1.000	10.000	26.000	26.000
Ullensvang herad	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Fusa kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Telemark fylkeskommune	10	1.000	10.000	65.000	65.000
Vinje kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Tokke kommune	10	1.000	10.000	18.000	18.000
Seljord kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Hjartdal kommune	10	1.000	10.000	18.000	18.000
Bø kommune	10	1.000	10.000	21.000	21.000
Kviteseid kommune	10	1.000	10.000	18.000	18.000
Tinn kommune	10	1.000	10.000	21.000	21.000
Notodden kommune	10	1.000	10.000	26.000	26.000
Kongsberg kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Fatland Ølen AS	10	1.000	10.000	6.000	6.000
Tide ASA	10	1.000	10.000	6.000	6.000
Telemark Bilruter AS	10	1.000	10.000	6.000	6.000
SD Cappelen ANS	10	1.000	10.000	6.000	6.000
Notodden Utvikling AS	10	1.000	10.000	12.000	12.000
Midt- Telemark Næringsutvikling AS	10	1.000	10.000	12.000	12.000
Vest-Telemark Kraftlag AS	10	1.000	10.000	6.000	6.000
Nome kommune	10	1.000	10.000	21.000	21.000
Vest-Telemark Næringsbygg AS	10	1.000	10.000	12.000	12.000
Hurum kommune	10	1.000	10.000	23.000	23.000
Røyken kommune	10	1.000	10.000	31.000	31.000
Drammen kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Lier kommune	10	1.000	10.000	34.000	34.000
Buskerud fylkeskommune	10	1.000	10.000	65.000	65.000
Fyresdal kommune	10	1.000	10.000		17.000
Bamble kommune	10	1.000	10.000		
Porsgrunn kommune	10	1.000	10.000		
Skien kommune	10	1.000	10.000		
Totalt	450		450'	1.018.000	1.035.000

NOTE 2: BANKINNSKOT.

Herav bundne skattetrekksmidler kr. 0.

NOTE 3: LØN OG ANNA GODTGJERSLE

Løn mv er samansett av::

	2013	2014
Løn (styrehonorar)	71.000	73.255
Arbeidsjevaravgift	7.526	7.765
Sum	78.526	81.020

All godtgjersle gjelder honorar utbetalt til styret.

Honorar til revisor er kostnadsført i rekneskapen med kr 12.562 eks mva.

Selskapet har ikkje tilsette. Det kjøper sekretærtjenester og administrasjonstjenester eksternt frå selskapet Kons AS som er eigd av dagleg leiar Børge Skårdal. Kostnader til dette i rekneskapen 2014 og 2013 er kr 750.000 eks mva for kvart år.

NOTE 4: ANNA KORTSIKTIG GJELD

Selskapet har fleire år motteke tilskott for å dekkja kostnader knytt til prosjekt på E134. Alle prosjekta er inntektsført kvart år i takt med at kostnadene til prosjekta er pådratt.

Ubrukte prosjektmidler er i 2014 overført og samla i eit prosjekt som er merka «Planmidlar E134»

	31.12.2013	31.12.2014
Ubrukte planmidlar E134/Rv36	727.675	
Ubrukte planmidlar E-134 Åmot-Hjartdal	787.567	
Ubrukte planmidlar E-134 Åmot-Vinje	972.667	
Ubrukte planmidlar Rv36 Midt-Telemark	77.277	
Ubrukte planmidlar E134		1.720.960
Sum ubrukte planmidlar pr 31.12.	2.565.186	1.720.960

I tillegg er under Anna kortsiktig gjeld medteke er påløpte kostnader pr 31.12.14 kr 85.000.

Til generalforsamlingen i

E134 Haukelivegen AS
(org nr 982 420 857 mva)

REVISORS BERETNING 2014

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Haukelivegen AS, som består av balanse per 31. desember 2014, resultatregnskap som viser et overskudd på kr 22.989 for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og ledelsens ansvar for årsregnskapet

Styret og ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder internasjonale revisjonsstandarder vedtatt av International Auditing and Assurance Standards Board. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlinger avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til E134 Haukelivegen AS per 31. desember 2014 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet overfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Odda, 23. januar 2015

ODDA REVISJON AS



Eirik Lothe
Statsautorisert revisor

Innleiing.

E134 Haukelivegen AS er organisert som eit privatrettsleg foretak etter aksjelova, men har ikkje økonomisk resultat som føremål. På grunn av kommunalt/fylkeskommunalt eigarfleirtal opererer selskapet i stor grad som eit interkommunalt foretak. Selskapet må derfor forhalde seg til ulike lovverk.

Dei etiske retningslinjene gjeld både tilsette, personar/firma med oppdrag for selskapet og for tillitsvalde. Retningslinjene gjeld i alle fall når ein opptrer på vegne av selskapet, men er også retningsgjevande generelt.

Føremålsparagrafen i vedtektene.

Alt arbeid skal vere i samsvar med vedtektene for selskapet, spesielt føremålet.

Føremålsparagrafen, § 3 i vedtektene, lyder slik (utdrag):

- Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren.
- Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål.
- Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

Overordna prinsipp.

- a. Arbeid i og for selskapet skal gjerast innafør det lovverket (dei lovene) som til ei kvar tid er aktuelle for selskapet, mellom anna aksjelova, arbeidsmiljølova, lov om offentlege innkjøp og offentlighetslova.
- b. For å fremje selskapet sitt føremål, er arbeid i og for selskapet basert på å bygge opp tillit og å fremje eit godt omdømme. Ein skal derfor vere seriøs, ha respekt for andre og vere sannferdig og påliteleg både i det utoverretta arbeidet og internt mellom administrasjon, styre og eigarar.

Informasjon og teieplikt.

Det skal vere openheit og innsyn slik at ålmenta kan gjere seg kjent med selskapet og vedtak i styre og generalforsamling. Informasjon som vert gitt til ålmenta skal vere korrekt og objektiv. Informasjon som i sin natur er eller bør vere fortruleg eller kan skade arbeidet skal ikkje offentleggjerast. Til aksjonærar vil det kunne vere ei utvida informasjonsplikt ved konkrete behov.

Habilitet og interessekonflikter.

Alle har plikt til snarast råd å opplyse om mulig interessekonflikt eller mangel på habilitet. Når dette er knytt til private eller privatøkonomiske forhold, er det naturleg å ikkje delta i handsaming eller vedtak.

Gåver og fordelar.

Ingen må ta imot eller leggje til rette for å ta imot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar eller fordelar som er eigna til, eller som givaren har meint, å kunne påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Ingen må bruke stillinga si til å skaffe seg sjølv eller andre ein urettmessig fordel. Dette gjeld også i tilfelle der desse fordelane ikkje er eigna til å påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene. Fortrulege opplysningar som vert mottekne i samband med tenesteforhold, må ikkje brukast til personleg vinning.

Forretningsdrift.

Drifta skal vere basert på breitt samfunnsansvar og god forretningskikk, sikre at ein følgjer gjeldande lover og reglar og bidra til at selskapet når sine mål. Alle innkjøp skal gjennomførast i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Vedtekter for E134 Haukelivegen AS

§ 1. Namn.

Selskapet sitt namn er E134 Haukelivegen AS.

§ 2. Forretningskontor.

Selskapet sitt forretningskontor er i Vinje kommune.

§ 3. Føremål.

Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren.

Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingselskap.

Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål.

Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

Overskot/underskot skal disponerast etter norske lover og vedtekter. Selskapet skal ikkje betale utbyte.

§ 4. Aksjekapital.

Selskapet skal ha ein aksjekapital på 450.000 kr fordelt på 450 aksjar á 1000 kr. Alle aksjar har lik vekt på generalforsamlinga.

§ 5. Overdraging av aksjar.

Overdraging av aksjar skal godkjennast av styret. Andre aksjonærar har forkjøpsrett til pålydande verdi.

§ 6. Styret.

Styret i selskapet skal vere på 10 medlemmer. Den eine styreplassen blir øymerka ein representant for næringslivet. Styremedlemer blir valde for 2 år om gongen. I tillegg skal det velgast personlege vararepresentantar. Desse fylgjer valperioden til dei faste representantane.

Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

For at eit styrevedtak skal vere gyldig, må minst 5 styremedlemer vere til stades, deriblant leiar eller nestleiar. Ved likt stemmetal har leiaren av styret dobbeltstemme.

Styret er ansvarleg for oppfølging av dei mål som er sett for selskapet, og for å gjennomføre vedtak gjort i generalforsamlinga.

Sentrale oppgåver er:

- Vedta budsjett, avgje årsmelding og tilrå årsoppgjer
- Tilsette dagleg leiar og fastsetje løn for denne
- Utarbeide planar for utvikling og drift av selskapet, og vurdere korleis selskapet sine oppgåver til ei kvar tid kan løysast på beste måte.

Det skal først protokoll frå styremøta. Styremedlem og dagleg leiar har rett til protokollmerknader.

§ 7. Generalforsamlinga.

Ordinær generalforsamling skal heldast kvart år innan utgangen av juni månad. Generalforsamlinga blir innkalla av styret med minst ein månad skriftleg varsel til aksjonærane i selskapet. Generalforsamlinga vel sjølv dirigent for møtet.

Ekstraordinær generalforsamling kan krevjast halde av eit fleirtal av styret eller av aksjonærar som representerer minst 1/3 av aksjekapitalen. Innkalling skal skje etter dei same fristar som for ordinær generalforsamling.

På ordinær generalforsamling blir avgjort:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse for selskapet.
2. Bruk av overskot eller dekking av underskot.
3. Val av styremedlemer og valkomité. Val av revisor.
4. Fastsetjing av godtgjersle til styret og revisor.
5. Andre saker som i medhald av lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

På generalforsamlinga i selskapet har kvar aksje ei røyst. Aksjonærane kan la seg representere ved fullmektig med skriftleg fullmakt.

Det skal førast protokoll for generalforsamlinga. Protokollen skal underskrivast av to representantar for aksjonærane, valde av generalforsamlinga.

§ 8. Dagleg leiar.

Dagleg leiar skal ha det overordna ansvaret for drift av selskapet i samsvar med styret sine vedtak.

Dagleg leiar er sekretær for styret, og set i samråd med styreleiar opp sakliste og gjer saksutgreiingar og framlegg til vedtak i dei saker som blir lagt fram for styret.

§ 9. Prokura m.m.

Styreleiar og dagleg leiar bind selskapet i fellesskap med sine underskrifter. Styret kan gje prokura.

§ 10. Vedtektsendringar.

Vedtektsendringar kan gjerast av ordinær eller ekstraordinær generalforsamling med 2/3 fleirtal. Framlegg til endring av vedtekter skal stå på sakskartet og fylgje innkalling til årsmøtet.

§ 11. Oppløysing.

Vedtak om oppløysing av selskapet kan gjerast av ordinær eller ekstraordinær generalforsamling med 2/3 fleirtal. Overskot etter avviklinga skal betalast til eigarane i same forhold som dei har aksjar.

Vedteke 10. januar 2001 med endringar seinast 06.06.2014.